

# Sørstrand Folkepark – Årsmelding 2025

## SØRSTRAND FOLKEPARK

Sørstrand Folkepark har som føremål å utvikle friområdet sør på florelandet, til eit område for aktivitet og rekreasjon for ålmenta. Innsatsfaktorane er frivillig arbeid og økonomiske gåver frå ulike offentlege og private kjelder. Foreininga er uavhengig, upolitisk og drivast på ideelt grunnlag. Den er registrert i Frivilligregisteret i Brønnøysund og har pr. 31.12.25 420 registrerte medlemmar. Medlemskapet kostar kr 200 kroner for privatpersonar og kr 300.- for familiar. Som medlem har ein møte- og stemmerett på årsmøtet.

## GÅVER- TILSKOT I 2025

Norsk Tipping Grasrotandelen 2025: kr.74104.-

Gåver 2025:

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane til Portal og Traktor. Kr.300.000.-

Petroleum services kr.200.000.- til portal

Sumitomo Corporation kr.22.000.- til portal

Driftsstøtte frå Kinn kommune: 109 000 kr.

Medlemstal 2025 er 420 og totalt innbetalt medlemskontingent er kr.109.500.-

Fjordane friluftsråd kr.3.500.-

Gåve etter gravferd Ragnvald Matre kr.5.750.-

Vi er takksame for alle gåver og inntekter. Dei vert alle styrt mot ulike prosjekt i området etter kvart som parken utviklar seg.

## DRIFT

Folkeparken er eit svært populært tur- og rekreasjonsområde og vert brukt heile året. Området er også mykje brukt til uformelle samlingar for lag, organisasjonar, skuleklassar og andre. Vi har ikkje gjennomført teljingar, men meiner fleire hundre er i folkeparken kvar veke. Vi har funne ei driftsform som virker å vere godt motteke av dei fleste.

Med nokre unnatak har det vore lite uro og uønskt åtferd i året som har gått. Flaskeknusing er somme tide eit problem. Folk er flinke til å bruke søppelkorgene og det er lite avfall å rydde, så folket er i det heile flinke til å rydde opp etter seg og halde det fint i parken. Det er likevel eit problem med søppelkorga ved gapahuken, den vert ofte for full.

Folkeparken og arbeidet som vert utført blir lagt merke til av andre langt ut forbi Kinn Kommune. Alle desse som har vore på informasjonstur til oss vil vite korleis vi får til alt dugnadsarbeid, drift og aktivitet elles.

### Utdrag frå saker behandla i styret.

- Drift av kafeen og dagleg drift av folkeparken
- Oppfølging og gjennomføring av prosjekt og investeringar
- Søknader om støtte til investeringar, m.a ny portal.
- Verving av støttemedlemmer
- Skilting av veger og rasteplassar
- Organisere dugnadsprosjekt, bygge St. Hansbål, stelle marker, badestrand og skogsområde
- Tilsyn og drift servicebygg, verkstadbygg, gapahuk og grillhytte
- Skilting og merking av parkeringsplass i samarbeid med Kinn kommune
- Utvikle og ferdigstille austre del av strandområdet

## SÆRLEGE FORHOLD I 2025:

Portalen ved inngangen til Folkeparken ble endelig realisert, og høytidelig åpnet i desember.

Et flott samarbeidsprosjekt med Kinn kommune, Florø Bygg as og Salt arkitektar. Dette skal være en samlingsplass for grupper og andre som skal inn i parken, og en nyttig plass for sentral informasjon om Sørstrand folkepark. Vi har og kjøpt inn ny traktor som skal ta over etter gamletraktoren som har hjulpet oss gjennom alle år.

## DUGNADSARBEIDET

Folkeparken har ca 70 frivillige som driv kafe, naturvedlikehald/slått vår, sommar og haust, skog- og strandrydding. Den frivillige innsatsen er nøkkelen til suksess i arbeidet med Sørstrand Folkepark. Dette famnar alt frå prosjektering, søknadar om tilskot, administrasjon, synfaring til ulikt førefallande arbeid som til dømes reinsking av tang, slåttonn og rydding i krattskogen. Så er reparasjon av skader på bord og bygningar blitt en nødvendig del av dugnadsarbeidet. Foreininga håpar å kunne engasjere fleire som vil ha godt av både det sosiale samværet og mosjonen som dette arbeidet har å tilby. Vidare ser ein føre seg at ulike lag og skular som brukar parken flittig bør utfordrast til ulikt dugnadsarbeid, som til dømes rydding og tilsyn for å verne om det som er skapt.

## Ein presentasjon av dei ulike frivillige sin innsats i 2025:

### SERVICEBYGGET OG SANITÆRANLEGGET

#### Årsmelding for Kafédrifta på Sørstrand 2025

#### Husstyret

Leiar: Kari Slettvåg

Kasserar: Arild Melvær

Innkjøp kafé: Tove Berge

Styremedlem og vikaransvarleg: Norgunn Kalland

Vi har hatt 4 styremøte i 2025 pluss rydding, pynting, vasking.

#### Kafédrifta

Drifta har vore god også i 2025. Kafeen har i perioden september – mai vore open 2 dagar i veka. Frå 1.mai har det vore open kafé laurdag, søndag og tysdag med utviding til kvar dag i skuleferien. Også i år har vi hatt eit godt samarbeid med KURS KF som har hatt ansvaret for kafédrifta på dagtid i vekedagane i heile skuleferien. Dei har gjort ein god jobb og som rekneskapen syner, har innteninga vore god i sommarmånadene.

Dugnadslaga har vore stabile med lite utskifting, og det er framleis rundt 40 personar som jobbar dugnad i kafeen. Organiseringa er som tidlegare 5 sjølvgåande vaktlag med kvar sin lagleiar: Grethe Stavø, Tove Berge, Marit Espeseth, Heidi Nygård og Bente Wøien.

Prisane har ikkje vore endra og mange meiner vi er svært billige. Dette har vore ein bevisst politikk for at alle skal kunne ha råd til å bruke kafeen. Som rekneskapen syner, har innteninga vore god også dette året.

#### Reinhald.

Det er framleis BB-gruppa som står for reinhaldet av toaletta. Dei har også hatt nedvask av Sørvisbygget og leverer forkle, handkle og klutar til kaféen. Dette er ei god ordning, sjølv og den kostar ein del. Vask i sjølv kaféen er det kafévaktene som står for og dei som låner lokalet. Her har vi gode rutinar som fungerer bra. Kommunen leverer toalettpapir, tørkepapir og handsåpe.

## Aktivitet

I tillegg til kafédrifta er det ein del lag og organisasjonar som nyttar Sørvishuset. Dei betaler ein symbolsk sum og utleiga er tillitsbasert. Dette har fungert godt. Vi låner ikkje ut huset til private lag og festar. Faste arrangement er Bokbad ein gang i månaden, Saniteten sin sommarfest for innvandrarar og styremøta til Folkeparken.

## Utfordringar.

Den største utfordringa på Sørstrand er staumtilgongen. Vi opplever stadig oftare at sikringane går når vi steiker vaflar og koker kaffi. Dette er uheldbart og skapar mykje frustrasjon hos dei frivillige.

Ei anna utfordring er lekkasje frå skyvedørene og gummipakningar som stadig er lause under skyvedøra. Skyvedørene er også tunge og litt vanskelege å handtere, så mange kvir seg for å opne dei. Akustikken er det mindre klage på no, så det er kanskje ikkje naudsynt med lyddepande tiltak utover det som er gjort med gardiner og tekstilar på veggene.

Det har og vore ein del klaging på vaffeljarna vi har nytta. Det blei difor kjøpt inn eit nytt tindustrijarn. Dette er framleis ikkje teke i bruk av ulike årsaker, mellom anna at det er stort og tungt å handtere, krev mykje røre. Vi har ikkje fått det til å fungere skikkeleg, så meir utprøving trengst. Også litt usikker på om det krev for mykje straum slik at det skapar problem for kioskdrifta.

## Økonomi og rekneskap.

Økonomien er som tidlegare nemnd, god. Årsrekneskapen syner eit driftsoverskot på 137129,21 for driftsåret 2025. Det er ei auke på over 80000 i høve førre driftsår. Det er særleg ein månad som peikar seg ut. I juli vart det seld varer for 77831, noko som er ny rekord. Forklaringa er nok at det var open kafé kvar dag i juli og nydeleg sommarvær! Vi har no ein saldo på 441186,11. Kafédrifta generer mykje pengar som kan bidra i drifta og utviklinga av Sørstrand Folkepark. Det har vore diskutert om ein skal auke prisane i kafeen som har vore uendra frå oppstart. Husstyret meiner at sidan økonomien er så god som den er, kan ein halde fram med noverande prisar ei stund til. Kafeen på Sørstrand skal vere eit lågterskeltilbod som alle kan ha råd til å nytte.

For Husstyret Kari Slettvåg

## SLÅTTEKARANE

Sørstrand Folkepart omfattar vel 175 mål med strender, markar, skog og turstiar. Omlag 60 mål er slåttemark som dugnadsgruppa «Slåttekarane» slår jamleg frå april til oktober. Slåtteleiar Knut Roald har med seg ei solid gruppe på 9-10 arbeidsvande karar som no brukar si erfaring frå gards- og tun arbeid for å halde ved like markane på Sørstrand Folkepark. Slåttekarane har i 2025 gjennomført 10 rundar med slått på Sørstrand, frå mai til september. Kvar runde tar 3-4 timar når det er godt oppmøte i dugnadsgruppa. Samla legg denne dugnadsgruppa ned om lag 60 dagsverk kvar sesong

Slåtteterrenget er noko ujamt, noko som gir utfordringar for maskinparken. Det er difor innført eit systematisk vedlikehaldsregime etter kvar slåtterunde. Trykkspyling, reinsing og sjekk av drivsystem, boltar og skrufeste. Dette fungerer no godt slik at det er færre reparasjonar på dei fire beitepussarane som Sørstrand rår over. I tillegg har dei mest maskinvande i dugnadsgruppa sett i verk eit årleg serviceprogram der kvar maskin får justert og eventuelt skrifton ut vitale delar. Dette sparar oss no for vesentlege vedlikehaldsutgifter.

For den komande slåtte-sesongen er det ei målsetting å få inn nokre fleire i denne dugnadsgruppa. Midtsommars er frekvensen på tal slåtterundar høg, samstundes som feriereiser og liknande gjer at det stundom er ei utfordring å mønstre store nok arbeidslag. Vi satsar på at vi har nyrekruttering på plass til den tradisjonelle sesongopninga med pizza, god drikke og eit mangfald av skrøner og andre løgne historier!

## GAPAHUKEN, GRILLHYTTA OG ANNA DUGNAD

Irene Hjorthol har ansvaret for bruken og vedlikehald av GAPAHUKEN. Ho organiserer i tillegg dugnadar både i området der gapahuken er, og elles i heile Folkeparken. Dugnader vert organisert og gjennomført effektivt og med godt humør.

Mars: Nye benkar (laga av Mats Kvammen)kom på plass i GRINDA. Dette har vorte ein populær plass, sidan den har både overbygg og ein grill rett ved. Kutting og saging av mykje kratt og småskog for å få fram dei to flotte furutrea som står ved stien nedom Gapahuken. Også snauing av treet ved Grillhytta.

April: Åtte damer med hekksakser tok årets frisering på holmen. Rydding og bering av små og stor stein på stranda (ved fjøre sjø) før Terøy kjem og grev opp igjen sanden som har rent i sjøen.

Mai: Magne og gamletraktoren harva opp strandområdet. Rydding med motorsag på ytterste holmen. Elles blir det gjort tømning av bossbøtte, rydding i Gapahuken, vasking/rydding i Grillhytta og elles det vi ser, når vi går forbi.

I juni blei det laga jonsokbål i regi av Jan Henrik. Han og Ole Martin organiserte båltening og fyr i alle grillane.

## TANGLOPPENE



Gunn og Jan Veberg leiar ein av ryddegjengane på Sørstrand folkepark som kallar seg for Tangloppene.

Tangloppene på Sørstrand Vi rydder etter behov og når vi har tid. Periodevis er det mykje tang oa som må fjernast, avhengig av vindretning og flo. Vi er som før 2-8 pers. som deltek. Etter kvart vil det nok kanskje verte behov for å skifte ut ein del av tangloppene-

Sist sesong vart stranda rydda 12 gonger. I år som tidlegare år satsar vi på første ryddedag rett før påske. Vi ser, som nemnt i fjor, at det kanskje bør gjerast noko med muren mot stranda. Her har ein tidlegare prøvt med ulike løysingar utan særleg hell. Kanskje bør det støypast mellom steinane ? Ryddinga vart i år avslutta medio oktober.

Med helsing frå Tangloppene Gunn og Jan

## PROSJEKTARBEID OG INVESTERINGAR I 2025 OG VÅREN 2026

Portalen, sjølv inngangspartiet for området, blei åpna i desember. Bygget er fullfinansiert og Kinn kommune vil stå som eigar av bygget, medan folkeparken finansierer heile byggekostnaden på rundt kr.600.000.- . Sparebanken Sogn og Fjordane, Petroleum services og Sumitomo Corporation har bidratt med kr.400.000.- og Kommunen har gjeve løyve til å bygge på deira grunn, utan kostnad for oss.

I tillegg har vi dei faste oppgåvene med å halde heile området tilgjengeleg og velstelt.

Styret vil også i 2026 fokusere på planmessig forvaltning, drift og vedlikehald av heile området før en går i gong med nye prosjekt som krev dugnadsoppfølging.

Vi vil også arbeide med fleire mindre arbeid og prosjekt med lav kostnad som i sum vil bidra til å holde området og bygningane innbydande for alle brukarar av Sørstrand folkepark.

Slike mindre prosjekt kan vere:

- Ordne badestranda før sommarsesongen
- «Dissesleng» – disse, leike/trimapparat
- «Biekollektiv»
- «Konglehus»

#### REGNSKAPET FOR 2025

Resultatregnskapet for 2025 viser eit overskot på kr xxx.xxx Vi har kr.709.796.- på konto pr 31.12.25 mot kr 526.931.- på same tid i fjor. Vi har ei rekning på kr.618.109.- frå Kinn kommune som kjem i 2026 for leveranse utført i 2025.Eigenkapitalen utgjorde kr x.xxx.xxx.- pr 31.12.2025, opp frå kr. 2.426.326.- pr. 31.12.2024. Traktor ble betalt i 2025.

#### ADMINISTRATIVT

Styret har hatt 6 styremøte i 2025. I tillegg er det avhalde årsmøte 25.februar. Dei viktigaste sakene er omtala her i årsmeldinga. Det er ingen tilsette i foreininga og styret har inga godtgjersle for arbeidet. ECIT er regnskapsfører og Stein Soltvedt er valt revisor.

**Styret vil takke alle frivillige som legg ned ein kjempeinnsats for at parken skal framstå som den perla den er.**

#### For styret i Sørstrand folkepark

Jan Henrik Nygård, leiar	Fredrik Gulbranson, nestleiar	Irene Hjorthol, styremedlem
Kari Slettvåg, styremedlem	Sandra , styremedlem	Ole Martin Bøhn, økonomiansvarleg
Silje Sveen, styremedlem	Truls-Einar Strand Johnsen, møtande varamedlem frå aug 25.	